

HALVÅRSPLAN

Langhaugane barnehage

AVDELING:
EIKÅSNIPA OG HALVGJERDA



September 2022 – februar 2023

Om avdelingane

På Eikåsnipa går det per no 7 barn, i løpet av hausten og over nyttår skal vi vere 9 barn. Alle er født i 2021, frå april til november.

På Halvgjerda går det 9 barn, 5 barn er frå 2020-kullet, og 4 frå 2021-kullet (født i starten av året).

Eikåsnipa og Halvgjerda samarbeider mykje, og barna vert kjende med alle som jobbar i begge avdelingane. Vi har også samarbeid med avdeling Kvamsfjellet, der resten av 2020-kullet går.

I løpet av ei veke i barnehagen får barna vere med på tur (for dei som kan gå stødig), ulike tilrettelagte aktivitetar som til dømes forming, musikk, drama, samlingsstunder, høgtlesing med meir, i tillegg til fri leik inne og ute.

Når vi er inne nyttar vi avdelingsromma og grupperomma til å dele oss i mindre grupper. Små grupper gjer det lettare for barna å etablere vennskap med andre barn, og det gir også tettare kontakt og tid til å utvikle nærare relasjon til dei vaksne.

Utvikling frå eitt til to års alder

Eittåringen er nysgjerrig på verda, og er både høgt og lågt. Utforskartrongen er stor; alt skal undersøkast, smakast og kjennast på. Barnet sin leik er prega av imitasjon og gjentaking; det ser kva andre gjer og gjer det same sjølv, om og om igjen. Frå om lag 1,5 års alder kan dei fleste barn samspele i enkel rolleleik, til dømes ved å mate ein bamse osv., og dei kan bruke gjenstandar som dei latar som er noko anna.



Mot slutten av første leveår begynner dei fleste barn å peike for å kommunisere. Dei første orda kjem hos dei fleste når barnet er mellom 10 og 18 månadar. Dei første ytringane til barnet består av berre eitt ord, og framleis vil mykje av det barnet seier, bære preg av babling. Barnet brukar både kroppsspråk, mimikk, peiking og etter kvart enkle ord for å uttrykke seg. Forståelsen av enkeltord kjem som regel før bruken av dei, og variasjonane i talespråklige ferdigheiter er store i denne alderen. Rundt eitt og eit halvt års alder kjem ofte ein periode då ordforrådet aukar raskare – dette kallast «ordspurten». Nøyaktig når denne perioden byrjar, og kor raskt ordforrådet aukar, varierer frå barn til barn. Mellom eitt og to års alder kan dei fleste peike på bilete i ei bok når den vaksne seier namn på ting, følgje enkle beskjedar som «hent skoa», og peike på kroppsdelar om ein spør dei om det.

Utvikling frå to til tre års alder

Ordforrådet veks, og det blir lettare å ha små samtalar med barna om ting dei er interessert i. Barna begynner også å sette saman ord til korte setningar. Først to ord, og litt om litt blir setningane lengre. Nærare tre års alder kan ein del barn sette saman setningar med kanskje seks – sju ord. Barnet forstår også stadig meir av det vi seier. Når barn nærmar seg tre år, kan dei ofte følgje litt lengre instruksar, som for eksempel: «Hent ballen som ligg under bordet.» «Nei» og «min» er viktige ord når barnet vil uttrykke viljen sin. Etter kvart vil barnet sei «eg» om seg sjølv. Det er også vanlig å begynne å spørje stadig meir, for eksempel med kva- og kven- spørsmål.

Frå to års alder er relasjonane til jamaldra barn stadig viktigare, og ein kan tydeleg sjå vennskap mellom barn i to til tre års alder. Framleis leikar dei mykje ved sidan av kvarandre, men dei leikar også meir i lag.



Leik

Leik skal ha ein sentral plass i barnehagen, den skal vere ein arena for utvikling, læring, sosial og språkleg samhandling. Alle barn skal få delta i leik og erfare glede i leik. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel.

I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne (Rammeplan for barnehagen, s. 22). Vaksne observerer, støttar og deltek i leiken der det er hensiktsmessig. Leiken er frivillig og indremotivert, og fungerer på barna sine premisser. Evne til leik består av mange ulike samansette kompetansar, som å kunne ta positiv kontakt med andre, og forstå kva leiken går ut på. Gjennom leiken får barna leve ut sine idear, fantasiar og erfaringar.

Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at barna får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leikar og materiell er tilgjengelege for dei (Rammeplan for barnehagen, s. 19). Vi skal legge til rette for leik gjennom å organisere rom, tid og leikemateriale. Dette må vurderast kontinuerleg, vi gjer endringar i til dømes kva leikar som er på kva rom, alt etter korleis leiken fungerer.

Omsorg

«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den

hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna» (Rammeplan for barnehagen s. 19-20).

Vi skal legge til rette for at alle barn kan knyte seg til kvarandre og til dei vaksne, dette føreset at vi er nær barna, og er lydhøyre for deira uttrykk. Vi skal dekke barna sitt behov for fysisk omsorg, som også inneber behovet deira for ro og kvile. Dagsrytmen i kubene skal ta omsyn til dette. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prege alle situasjonane i kvardagslivet i barnehagen.

Danning

Barnehagen skal fremje danning. Dette inneber mellom anna å skape forståing for felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Gjennom å synleggjere og verdsetje ulike behov, meiningar og perspektiv i barnegruppa, kan personalet bidra til å leggje grunnlaget for at barna vert modige, sjølvstendig og ansvarlege deltakande i demokratiske fellesskap. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar (Rammeplan for barnehagen s. 21).

Medverknad

Barnehagen skal sikre barn sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen (Rammeplan for barnehagen, s. 27).

Dei yngste barna formidlar synspunkta sine med kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk. Barna skal takast på alvor når dei gir uttrykk for kjensler, og må få støtte til å undre seg og stille spørsmål. Dei må oppmuntrast aktivt til å gi uttrykk for tankar og meiningar, og møte anerkjenning for uttrykka sine. I avdelingane Eikåsnipa og Halvgjerda ynskjer vi at barna skal setje sine eigne spor i omgjevnadane; det skal vise att i både planar og aktivitetar at det er nettopp desse barna som går her. Gjennom observasjonar ser vi kva dei likar og kva som fangar merksemda deira, og legg planane opp etter barna sine ynskje og interesser. I arbeidet med evaluering og vurdering, er vurderinga sin funksjon at vidare planlegging ikkje vert tilfeldig, men at den tek omsyn til det som har vore gjort tidlegare.

Fagområde

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse (Rammeplan for barnehagen, s. 47). Personalet skal sjå desse i ein samanheng og planlegge og gjennomføre aktivitetar ut frå dei. Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I

barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng (Rammeplan for barnehagen, s. 19).

Fagområda vi skal jobbe med dette halvåret er:

September, oktober, november:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Natur, miljø og teknologi
- Kunst, kultur og kreativitet

Desember, januar og februar:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Etikk, religion og filosofi
- Tal, rom og form

Kommunikasjon, språk og tekst:

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer (Rammeplan for barnehagen, s. 47). Vi vil skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre. Vi har barn med ulike morsmål i gruppa, dette språklege mangfaldet skal vi synleggjere, og støtte barna i deira ulike uttrykk. Miljøet skal vere språkstimulerande for alle barn, og vi inkluderer symbol som bokstavar og siffer i daglege samanhengar.



Når vi les bøker saman med dei yngste barna oppmuntrar vi dei til å peike på ting i bileta, og vi stiller spørsmål som dei meistarar å svare på, anten ved peiking, kroppsspråk eller enkle språklege ytringar. I dialogisk lesing blir barnet van med å vere ein aktiv medlesar, og den vaksne er ein viktig modell når det gjeld engasjement og språkbruk. I samtalar er dei yngste barna avhengige av den konkrete situasjonen dei er i, og samtalar om det som er rundt dei «her og no». Gradvis utviklar dei ei meistring av det situasjonsuavhengige språket, «der og då»-språket. Dei kan då fortelje om opplevingar dei har hatt, om saker dei gler seg til å oppleve, og om ting og personar som ikkje er konkret til stades akkurat her og akkurat no.

Dette halvåret vil vi jobbe med:

- I samlingsstund brukar vi namnelappar der barna møter skriftspråk gjennom skrift og bilete. Barna syner stor interesse for desse, og likar å halde sin eigen lapp. Vi brukar også song, rim og regler, eventyrforteljing og dramatisering tilpassa alder, modning og interesser.

- Vi vil etter kvart i haust ta i bruk visuell dagsplan som viser med bilete og tekst kva vi skal gjere kvar dag. Vi brukar nokre få bilete, og av dei aktivitetane som ligg nær i tid.
- Bøker er synlege og tilgjengelege for barna i avdelingane. Vi brukar forteljing og høgtlesing både i frileik og som tilrettelagt aktivitet i små grupper. Vi nyttar oss også av «biblioteket» vi har i kjellaren.
- Ut frå barnehagen sin progresjonsplan skal 2021-kullet jobbe med eventyret «Dei tre bukkane Bruse». 2020-kullet skal jobbe med eventyret «Dei tre små grisane». Vi ønskjer at barna skal bli kjend med handlinga i eventyret. Vi vil bruke forteljing og dramatisering som metode.



Kropp, rørsle, mat og helse:

«Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser» (Rammeplan for barnehagen, s. 49).

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få varierte rørsleerfaringar og utvikle motoriske ferdigheiter, gjennom kroppsleg leik og utfordringar. Personalet skal støtte barna sin leik og anerkjenne barnet si meistring. Måltid og matlaging skal bidra til måltidsglede, deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barna.

Vi vil jobbe med:

- Under måltida vil vi snakke om kva mat barna et, setje namn på mat og matvarer.
- Få kjennskap til kvar maten kjem frå.



- Lære namn på kroppsdelar, verte kjend med sansane og kva funksjon dei har.
- Få ei byrjande forståing for at alle bestemmer over eigen kropp, og at ein skal respektere andre sine grenser.
- Gi barna variasjon og utfordringar tilpassa alder og ferdigheiter; i den kroppslege leiken inne, ute og på tur.
- Vi vil ta i bruk Mini-Röris, som er morosam og lystbetont «trening» til musikk. Programmet utfordrar mellom anna motorikk, koordinasjon og balanse. Det krev at ein kan følgje med og ta instruksar. Her vil vi leggje vekt på rørsleglede, alle kan delta på sine premissar ut frå alder og ferdigheiter.

Natur, miljø og teknologi:

«Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling». (Rammeplanen s. 52). Gjennom dette fagområdet skal barnehagen bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Vi skal leggje til rette for at barna kan få gode opplevingar med friluftsliv året rundt.

Denne hausten vil vi jobbe med:

- Opplive og utforske naturen og naturens mangfald.
- Bli kjent med ulike dyr, korleis dei ser ut, kva lydar dei lagar osv.
- Synleggjere endringar i naturen om hausten, utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen saman med barna.

Kunst, kultur og kreativitet

«Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrsløse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstneriske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrsløse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Fagområdet tek for seg uttrykksformer som biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design.. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Barnehagen må leggje til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna.» (Rammeplan for barnehagen, s. 50-51)



Dette halvåret vil vi jobbe med:

- Motivere barna til å uttrykke seg gjennom musikk, dans og drama. Gjere musikkinstrument og rekvisittar tilgjengeleg, og la barna få skape egne uttrykk.
- Gi barna erfaring og oppleving av å skape med ulike materiale og teknikkar. Vi skal ha formingsaktivitetar knytt til haust som tema, og til advent og jul.

Etikk, religion og filosofi:

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald. Gjennom fagområdet etikk, religion og filosofi «skal barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn og erfaringar med at kulturelle uttrykk har eigenverdi» (Rammeplan for barnehagen, s. 54). Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likheiter og ulikheiter i eit fellesskap.

Vi vil jobbe med:

- Bli kjend med tradisjonar knytt til advent og jul.
- Bli kjend med reglane i barnehagen, korleis vi skal vere mot kvarandre.

Mengd, rom og form:

Dette fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar, for å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Barna skal bli stimulert til å undre seg, vere nysgjerrige, og motiverast til å løyse problem. Å oppleve glede ved matematikk står sentralt i fagområdet (Rammeplan for barnehagen s. 53-54).

For dei yngste i barnehagen er det naturleg at vi set fokus på det som er nært og konkret. Gjennom leik og utforsking vil vi jobbe med samanlikning, sortering, plassering, former, tal, teljing og måling. Personalet skal legge til rette for at alle barn får matematiske erfaringar i leik og kvardag. Vi vil stimulere og støtte barna når dei «oppdagar» matematikken rundt seg, og etter kvart utviklar ei byrjande forståing for grunnleggjande matematiske omgrep.

Mange aktivitetar i barnehagen kan knytast til dette fagområdet:

- I leiken i sandkassa utforskar barna volum og form, dei erfarer at sanden kan fyllast oppi bøtter osv.
- I konstruksjonsleik som til dømes med Duplo, erfarer barna at klossane har ulik form og storleik, og samanliknar desse.
- Barna vert kjend med tal og teljing mellom anna når vi dekker på bordet, når vi tel kor mange vi er i samlingsstunda osv.
- Når vi ryddar leikane får barna øving i å sortere og klassifisere, dei ser at ting er like eller ulike osv.
- Pusling og leik med puttekassar gjev erfaringar med former og mønster.
- Vi brukar songar og regler som inneheld omgrep knytt til tal, storleik og former m.m.



Dokumentasjon

Dokumentasjon kan gi informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i løpet av tida i barnehagen. Personalet kan nytte dokumentasjonen aktivt for å fange opp både prosess og resultat av det planlagde arbeidet. Det blir eit viktig verktøy for personalet til å kunne arbeide med å utvikle og eventuelt endre arbeidsmåte og metode. Dokumentasjon kan vere i form av bilete, praksisforteljingar og observasjonar gjort for å dokumentere arbeid med til dømes fagområder, leik og ulike prosjekt. Den kan fungere som eit verkemiddel for å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis. Dokumentasjonen skal også gi føresette og andre interessantar innsikt i barnehagen sitt arbeid.